



DEN NORSKE KYRKJA
Ei evangelisk- luthersk folkekyrkje



Årsmelding for Åseral sokn 2025



Soknerådet

Leiar: Åse Austrud
Nestleiar: Siren Håvorstad
Medlem: Grete Torhild Tveitstøl Forgard
Medlem: Bente Forgard Lineikro
Varamedlemar: Odd Arild Eikeland
John Oddvar Selland
Gerd Wenche Verdal

Geistleg representant: Sokneprest Kjell Steinbru tom 31.08.25
Sokneprest Inger-Lise Myhre Guttormsen fom 01.09.25
Vararepresentant: Prost Rune Stormark

Råd og utval

Råd utval	Medlemmar
Trusopplæringsutval	Sokneprest , trusopplærar, Siren Håvorstad, Gunvor Ljosland og Arna Berg
Konfirmantutval går inn i trusopplæringsutval	
Gudstenesteutval	Sokneprest, Åse Austrud og Arna Berg.
Diakoniutval	Diakon, Grete Torhild Tveitstøl Forgard, Arna Berg og Siren Håvorstad
Redaksjonskomité og styre for kyrkjebladet	Bente Forgard Lineikro, Tonje Kallhovd
Kirkens Nødhjelp-kontakt	Arna Berg
Kontaktperson misjonsprosjekt	Grete Torhild Tveitstøl Forgard

Personale:

Sokneprest: Kjell Steinbru tom 31.08.25
Sokneprest: Inger-Lise Myhre Guttormsen fom 01.09.25
Kyrkjeverje: Sjur Høgetveit
Kyrkjetenarar : Åse Austrud vikar på timebasis.
Kateket: Anne Synnøve Ropstad fom 01.05.25
Konfirmantarbeidar: Astrid Heggland Skeibrok på timebasis
Ringer i Åknes: Cay Håvorstad på timebasis
Reinhaldar i Åseral kyrkje: Åse Austrud
Reinhaldar Åknes kapell: Siren Håvorstad på timebasis.
Kyrkjelydssekretær: Åse Torhild Guldsmøen. Tilsett i Evje og Hornnes men innleigd av Åseral.
Kyrkjelydsmedarbeidar innleigd: Arna Berg
Organistar : innleigde: Oddbjørn Stakkeland, Knut Olav Uppstad, Reidar Skaaland, Eirik Hodnemyr.
Vandring gjennom bibelen for 5.klasse: Astrid Røykenes
Klokkartenesta har blitt utført av frivillige, samt delar av kyrkjetenararbeidet.

Klokkarar: Tove Forgard, Inger Røysland Åsland, Arna Berg

Kyrkjefadrar: Gerd Austegard Linjord, Inger Røysland Åsland, Grete Torhild Forgard, Anne Siv Lauen, Siren Håvorstad

Oppgåver jfr. Trosamfunnsloven:

Utval/komite tiltak	Oppgåver	Personar	2025
Leiting:			
Sokneråd	Økonomi, strategi, leiting	Valde	
Arbeidsutval	Støtte for sokneråd	Indirekte vald	Ikkje oppretta
Gudstenestelivet/kyrkjelege handlingar			
Gudstenesteutval	Planlegging av gudstenester, engasjera frivillige til klokkarteneste, kyrkjevert, kyrkjekaffi mm.	Frivillige, soknepresten	
Gudstenester		Sokneprest, tilsette, frivillige	Gudstenester
Kyrkjelege handlingar	Gravferd, vigsel, dåp	Sokneprest, tilsette	
Andaktar Åseralsheimen		Sokneprest	
Sorgsamtalar		Sokneprest	
Kyrkjeleg undervisning			
Trusopplæringsutval og konfirmantutval	Trusopplæringsplan	Sokneprest, tilsette frivillige	
Trusopplæringstiltak og komitear		Sokneprest, kateket frivillige	
Konfirmantundervisning		Sokneprest , frivillige	
Samarbeid skule	Gudsteneste før jol Teikningar til programmet for gudstenester 17. mai og jolaftan	Sokneprest,kateket, frivillige	
Samarbeid barnehage	Samling i kyrkja før jol.	Kyrkjetenar, sokneprest og kateket	
Diakoni			
Diakoniutval	Diakoniplan	soknepresten,kateket frivillige	
Kyrkjemusikk			
Konsertar og arrangement	Påskekonsert, jolekonsert	Tilsette, frivillige	
Misjon			
Misjonsprosjekt	Misjonsalliansen sitt arbeid i Liberia	Misjonskontakt	
Økonomi/gjevarteneste			
Kommunikasjon			
Kyrkjelydsblad	Kyrkjeblad felles med Evje og Hornnes	Felles redaksjon og styre.	Eiga årsmelding

Heimeside	Informasjon, påmelding	Soknepresten, tilsette innleigd	
Anna marknadsføring	Facebook, Åsdølen, annonsering, oppslag	Tilsette, frivillige	
Anna			
KN kontakt	Fasteaksjonen	Frivillig	
Kriseteam	Kommunalt	Sokneprest	

Nøkkeltal:

Åseral sokn	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Dåp	8	6	9	3	9(6)	4(3)
Konfirmantar	0	8	5	7	7	8
Vigsler	2	6	2	0	3	3
Deltakarar vigsler		366	89	0	167	199
Gravferder		6	5	9	8	14
Deltakarar gravferder		330	361	1012	920	1619
Gudstenester søndag/heilag	17	14	26	23	24	21
Deltakara søndag...	757	662	1713	1552	1796	1448
Gj. snitt søndag..	45	47	66	68	75	70
Andre gudstenester	4	1	1	2	7	9
Deltakarar andre gudstenester	79	12	25	68	818	918
Nattverdsgudstenester	2	0	4	7	6	5
Deltakarar nattverd	31	0	177	243	229	132
Gj snitt nattverd	16	0	44	35	38	26
Familiegudstenester	2	2	4	6	3	3
Deltakarar familiegudstenester	91	72	200	278	197	175
Gj.snitt familiegudstenester	30	36	50	46	65	58
Ungdomsgudstenester	1	0	2	0	0	0
Deltaking ungdomsgudstenester	41	0	64	0	0	0
Skule/barnehagegudstenester	2	0	1	1	1	1
Deltaking jolaftansgudstenester	0	0	150	180	240	275
Økumeniske gudstenester			1	0	1	1
Deltaking økumeniske gudstenester			75	0	75	48
Allhelgensgudsteneste deltaking			13	8	19	32
Andakt institusjon	1	2	6	18	22	20
Besøksteneste	47	48	35	36	33	30
Sjelesorgsamtalar	0	0	0	10	2	4
Konsertar	1	0	3	3	3	2
Deltaking konsertar	24	0	160	209	287	152
Totalt kyrkjebesøk (Gudstenester, gravferd, vigsler, konsertar m.m)			2348	2841	3988	4336

Nøkkeltal trusopplæring:

Tiltak	Oppmøte	% oppmøte
Babysong	0	
1-Kyrkjefadrar	6	100
2-Kyrkjefadrar	3	100
3-Kyrkjefadrar	7	100
4-Kyrkjefadrar	7	100
4-årsbok	5	71
5-kyrkjerotter	6	100
6-års bok	7	70
7-Vi syng jola inn	2	100
8-Tårnagentane	6	86
9-Påskesamling aktivitetsbok	7	100
10- år nytestamente	1	13
11- år Lys våken	0	0
12-13 Pinsesamling annakvart år	6	60
15- konfirmasjon	8	80
16-17 konfirmantleiarar	0	0

Rekruttering - utvikling medlemmar 0-4 år :

2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
38	31	33	30	30	29	26	26	20	21	19

Andel døypte av fødte: Det vart døypt 8 åsdølar i 2022, samstundes vart fødd 7 i 2022. I 2023 vart det døypt 3 og fødd 7 . I 2024 vart det døypt 6 og født 6. I 2025 vart det døypt 3 og født 8.

2022	2023	2024	2025
114%	43%	100%	38

Dette talet kan bli over 100%. Barnet treng ikkje vere døypt same året som det vert fødd. Denne statistikken må vurderast over tid.

Kommentarar til nøkkeltal:

Gjennomsnittleg oppmøte på gudstenester på sun-/og heilagdagane gjekk tilbake etter fleire år med vekst. Det har vore ei jamn stigning i deltakarar ved jolaftansgudsteneste og andre gudstenester, vanlege gudstenester har gått tilbake. Det samla oppmøtetalet stig grunna mange gravferder med høg deltaking.

Dåpstalet var lågt i 2025 med Totalt hadde me 4 dåp, men 1 av desse var utanbygds slik at det er 3 Åsdølar som vart døypt i 2025. Me hadde 3 vigslar nok som er ganske normalt slik det har vore dei siste åra.

Det er verdt å merke seg at tilbudet kyrkja gjev til institusjonar har auka kraftig.

Folkekyrkja sin styrke er framleis at me har tilnærma 100% oppslutnad om gravferder og er det naturlege valet for folk flest når dei skal ta avskil med sine næraste. På dette området er det ingen som kan erstatta kyrkjens rolle i overskudeleg framtid

Kyrkja har også god oppslutnad om trusopplæringstiltaka og konfirmasjon blant medlemmane. Det som vert avgjerande er at medlemstalet oppretthaldast. Dette skjer ved dåp. Dette talet har diverre ein langsiktig negativ utvikling. Dette har også samband med at fødselstala er lågare enn før.

Gudstenesteutvalet

Kjell Steinbru sette opp forslag til gudstenesteliste for 2025. Åse Austrud og Arna Berg sette opp forslag til offerliste for 2025, og har elles hatt fleire møter og samarbeida om kyrkjevertar, kyrjekaffi, og andre praktiske ting. Det har vore 10 kyrkjevertar i løpet av året.

Det har vore 3 frivillige klokkarar. Dei møttest og delte gudstenestene seg imellom.

Det har vore samarbeid med ortodokse og katolske om økumenisk samling, og det blei arrangert Jolefest – Heilagtrekongarsfest den 6. januar.

Barn og unge

Trusopplæringsutvalet har hatt 3 møter og elles kontakt med kvarandre etter behov. Trusopplæringa har stort sett blitt gjennomført etter planen. Sjå liste over tiltak i nøkkeltal over.

Åseral kyrkjelyd har 6 frivillige kyrkjefadrar som vitjar barnet og familien og har med gaver ved 1, 2 og 3 års dåpsdag, samt invitasjon til gudstenesta ved utdeling av 4. års boka. Ved 1 års dåpsdag fekk dei koselam og bilete med kveldsbøn, ved 2 års dåpsdag fekk dei barnebibel og ved 3 års dåpsdag fekk dei puslespel og matboks. 25 barn fekk besøk av kyrkjefadder i 2025.

Det har vore «Kirkerottesamling med frammøte av alle inviterte, og «Tårnagent helg» der «tårnagentane» deltok ved gudstenesta. Det har vore påskesamling for 9 åringar og felles pinsesamling for 12 og 13 åringar. 4 og 6 åringane fekk utdela kyrkjeboka på same gudstenesta der dei og deltok med song.

På grunn av få deltakarar blei det ikkje Lys Våken helg i 2025, dei blir i staden med på Lys Våken i 2026.

Det er vanleg å ha familiegudstenester med kyrkjekaffi i samband med 4 og 6 – års bok, tårnagentar, utdeling av nytestamente for 10-åringar og Lys Våken.

Diakoni

Åseral kyrkje var med på det treårige prosjektet «Pilegrimsvandring i Otredalen prosti» som gjekk frå Hovden til Vennesla. Den siste vandringa gjekk frå Åseral til Vennesla i 2023. Dette inspirerte til å planlegga ein dags pilegrimsvandring frå Bygland til Åseral. I samarbeid med Bygland kyrkje blei det 18. august 2024 arrangert kyrkjevandring frå Bygland til Åseral med fellesgudsteneste i Åknes kapell om kvelden. 17. august 2025 blei det gjennomført kyrkjevandring motsatt veg, frå Åseral til Bygland med fellesgudsteneste i Sandnes kyrkje Åraksbø om kvelden. Kari Røynlid og Olav Grendstad var dyktige guidar på begge vandringane mellom Bygland og Åseral.

«Stille stund» - Allehelgens samling i Åseral Kyrkje, laurdag 1. november kl. 19:00.

Det er tradisjon med allehelgens samling i Åseral kyrkje, som vert kalla «Stille stund». Kvelden er open for alle, men det vert sendt invitasjon til dei som har mista nokon av sine det siste året. Ord til trøyst ved sokneprest Inger Lise Myhre Guttoormsen og musikk ved organist Oddbjørn Stakkeland. Kateket Anne Synnøve Ropstad og konfirmantane deltok og tende ljøs for dei som gjekk bort siste året. Samlinga blei avslutta med kyrjekaffi.

Blomar til alle over 80 år.

Frivillige vitja medlemar i kyrkja over 80 år føre jol med blome og jolehelsing. 30 fekk blome og helsing.

Hjelpearbeid og misjon:

Kirkens Nødhjelp – fasteaksjon

Tema for fasteaksjonen 6. - 8. april 2025 var «Håp i en drope vatn». Kirkens Nødhjelp arbeider med å sikre at menneske i naud får tilgang til vatn, hygiene og sanitære løysingar.

Arna Berg er kontaktperson for Kirkens Nødhjelp og deltok på inspirasjonssamling i Oslo den 17. januar. Det er nyttig med oppdatert informasjon frå dei som jobbar for Kirkens Nødhjelp, men også å treffa kontaktpersonar frå andre sokn og deira erfaring med fasteaksjonen.

I Åseral blei det i alt samla inn kr. 46849,- i fasteaksjonen, av dette kr. 21 471,- i fastebøssene, kr. 10 391,- i vipps og kr. 14987 i takkoffer. Åseral ligg på landstoppen når det gjeld innsamla beløp pr. innbyggjar. Det er stor velvilje blant konfirmantane, familieane deira og andre frivillige til å vera med på dør til dør innsamling med fastebøsser. 15 personar var på innsamlingsrunde med fastebøsser som blei levert på kyrjekontoret til ein hyggeleg stopp for kaffi/juice og marsipankake.

Misjonsprosjekt.

Soknerådet har Misjonsalliansen som misjonsprosjekt i Kambodsja med tre offer og minimum kr. 5 000,- pr år.

Offer: I offer kom det inn totalt kr. 82213,-av dette var kr 19 020,-- til eiga verksemd.

Song, musikk, kulturarrangement:

Påskekonserter i Ljosland kapell 16. april kl. 19:00.

Klassiske folketonar og salmer ved Wenche Hunsbeth Svindland, Oddbjørn Stakkeland, Sven Eivind Stakkeland, familien Stulien Lauen, Kenneth Trelandshei med fleire.

Påskeaftan i Åknes kapell 19. april kl. 19:00.

Toner og tekst ved Oddbjørn Stakkeland og Tom Martin Berntsen.

Tema: «Smak og sjå og høyr at Herren er god.»

Vi syng jola inn i Åseral kyrkje søndag 14. desember kl. 12:00.

Jolegraut på Åseral bedehus etterpå med aktivitetar for born.

Fellesarrangement:

Jolefest og Heilag trekongarsfest arrangerast 6. januar i samarbeid med medlemmar av den ortodokse og den katolske kyrkja.

Fellesmøter vart arrangert saman med Betania og organisasjonane på bedehuset med Joakim Skavern 17. – 19. januar

Frivilligsentralen:

Åseral sokneråd er med i frivilligsentralen som medeigar. Alle eigarane kan bruka frivilligsentralen sin buss, dette har vore til nytte i konfirmantarbeidet. Bussen blei og nytta i samband med kyrkjevandringa frå Bygland til Åseral den 18. august.

Personalresursar ved kyrkjekontoret:

I løpet av året har ein vore så heldig å fått tilsett kateket i 30% stilling med ansvar for trusopplæring og diakoni. Det er godt for kyrkja å ha fått ein så godt kvalifisert medarbeidar, men det er ei utfordring at stillinga er ikkje stor nok til å dekkja alle oppgåvene.

Informasjon:

Heimeside og Facebookside.

Hovudformålet med heimesida er at kontaktinformasjon og kalender skal vere lett finna for folk flest, kva tid som helst. Facebooksida brukast til påminning om ting som skjer.

Kyrkjeblad

Sjette året med felles kyrkjeblad for Åseral, Evje og Hornnes. Åseral har to medlemmar i styret og redaksjonskomiteen for bladet. Frivillige delar ut bladet til alle husstandane i Åseral.

Bygg og anlegg:

Dugnad på gravplassane og kyrkjene:

Det vart det gjort ein solid dugnadsinnsats på gravplassane med påfylling av jord i søkkane. Måling og utskifting av plan på driftsbygget på Ljosland kyrkjegard er utført på dugnad. Åseral kyrkje er vaska på utvendig på dugnad. Nedvask og oppgradering av kjellar på Ljosland kapell er gjort på dugnad.

Soknerådet er takksam for alle dei arbeidstimar pengar som her vart lagd ned.

Oppgradering av lydanlegg i Åseral kyrkje

Oppgradering har gjeve betre lyd og enklare lydstyring.

Vedlikehald.

Kjøpt ny vasspumpe til vatning av Åseral kyrkjegard

Takk.

Takk til alle som bidrog med ulike tenester i kyrkjelyden i 2025!

Åse Austrud

Soknerådsleiar

Sjur Høgetveit

Kyrkjeverje

Vedlegg:

Økonomi

Årsrapport kyrkjeblad

Økonomi:

Kommentarar:

Det var budsjettert med eit underskott på kr. 164 000,- noko som gjer at funksjonen ligg an til eit mindreforbruk på kr. 5180,- i høve til budsjett. Det budsjetterte underskotet er i budsjettet dekt opp av bruk av kommunal ramme i finansieringstransaksjonane.

Soknerådet har fått kr. 145 786,- frå kyrkja sentralt for gjennomføring av planen for arbeidet i kyrkjelyden.

Det er frå og med 01.05.26 tilsett kateket i 30% stilling. Likevel er dei samla lønskostnadane kr. 9028,- lågare enn budsjettert.

Det er leigd inn konsulenttenester knyta til å dekke opp vakante stillinga innan kyrkjelydsarbeid på kr. 34 450,-. Dette gjer at kostnadar til varer og tenester er kr. 33 810,- høgare enn budsjettert.

Inntektene er kr. 10 2414,- høgare enn budsjettert. Me har samla inn meir i offer til eige verksmed enn budsjettert og med har fått meir i tilskott frå rettssubjektet Den norske kyrkja enn budsjettert.

Kyrkja totalt inkludert fellesrådsfunksjonen ser ut til å ende med eit meirforbruk på kr. 4803,-. Men det er brukt kr. 80 000,- av disposisjonsfond til oppgradering av lydanlegg i Åseral kyrkje. Men må difor regne med eit negativt driftsresultat på kr. 84 803,- som belastar disposisjonsfondet.

Disposisjonsfond ved årets start var kr. 258 705,-. Berekna fond ved slutten av året vil bli ca.180 000,-.

Soknerådsfunksjonen – anna kyrkjeleg verksemd, ikkje revidert

Konto	Anna kyrkjeleg verksemd	Rekneskap	Budsjett	Avvik
30100	Fastlønn	167 505	156 000	11 505
30108	Kveld og nattillegg, lørdag og søndagstillegg fast	1 954	3 000	-1 046
30300	Lønn til ekstrahjelp	3 734	0	3 734
30303	Variable tillegg ekstrahjelp	0	3 000	-3 000
30500	Annen lønn og trekkpliktige godtgjørelser	354	0	354
30900	Pensjonsinnskudd	31 260	43 000	-11 740
30950	Trekkpliktige forsikringsordninger	636	0	636
30990	Arbeidsgiveravgift	21 777	21 000	777
31100	Aktivitetsrelatert forbruksmateriell/utstyr/tjenester	3 752	14 000	-10 248
	Sum lønnskostnadar	230 972	240 000	-9 028
31101	Dåpsopplæring	13 292	18 000	-4 708

31102	Bibler	3 245	0	3 245
31103	Konfirmantarb.	8 430	20 000	-11 570
31200	Annet forbruksmateriell	4 453	2 000	2 453
31205	Matvarer	21 085	5 000	16 085
31301	Gebyr, post,bank	0	1 000	-1 000
31400	Annonse, reklame, informasjon og representasjon	698	2 000	-1 302
31401	Gaver/blomster	1 210	2 000	-790
31500	Opplæring, kurs	0	1 000	-1 000
31600	Utgifter og godtgjørelser for reiser, diett, bil m.v. som er oppgavepliktige	661	1 000	-339
31850	Forsikringer og utgifter til vakthold og sikring	550	0	550
31900	Leie av lokaler og grunn	10 000	10 000	0
31950	Avgifter, gebyrer, lisenser o.l.	0	3 000	-3 000
32000	Kjøp, leie og leasing av inventar og utstyr	736	0	736
32700	Konsulenttenester/kjøpte tjenester	34 450	0	34 450
	Sum varer og tenester	98 810	65 000	33 810
34290	Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	3 420	0	3 420
34650	Overføring av ofringer/middel samlet inn til andre	49 192	62 000	-12 808
34700	Tilskudd/gaver til andre	5 000	5 000	0
	Sum tilskudd og gaver til andre	57 612	67 000	-9 388
	Sum utgifter	387 394	372 000	15 394
36200	Salg av varer og tjenester, gebyrer o.l. utenfor avgiftsområdet	-296	0	-296
	Salg mm	-296	0	-296
37290	Kompensasjon moms påløpt i driftsregnskapet	-3 420	0	-3 420
	Refusjoner	-3 420	0	-3 420
38050	Tilskudd fra rettssubjektet Den norske kirke	-145 786	-133 000	-12 786
38600	Offer/samlet inn til egen virksomhet	-19 020	-13 000	-6 020
38650	Offer/samlet inn til annen virksomhet	-49 192	-62 000	12 808
38700	Tilskudd/gaver fra andre	-500	0	-500
	Tilskudd og gaver	-214 498	-208 000	-6 498
	Sum inntekter	-218 214	-208 000	-10 214
	Underskot	169 180	164 000	5 180
	Meirforbruk anna kyrkjeleg verksemd			5 180

Kyrkjebladet for Åseral, Evje og Hornnes

Årsmelding for 2025

Styre og redaksjonskomité:

Frå Evje og Hornnes sokneråd: Inger Juvastøl, Øystein Moi og Olav Dovland

Frå Åseral sokneråd: Bente Forgard Lineikro

Styrelsiar: Bente Forgard Lineikro

Redaktør: Tonje Kallhovd

Sekretær: Øystein Moi

Møte

Redaksjonskomitéen har hatt eit redaksjonsmøte i forkant av kvart av dei fire blada. Her har me også teke kunne ta opp styremøtesaker om naudsynt, men det har vore få saker dette året.

Trykkeri

Kyrkjebladet vart trykt ved Bjorvand & co, og Erik Dyngvold har hatt ansvar for layout/ombrekking.

Utgjeving

Det vart gjeve ut 4 utgåver, påske, sommar, haust og jol. Bladet er i A4-format med 16 sider i fargar.

Økonomi

Styret/redaksjonskomitéen gjer alt arbeid med bladet utan nokon form for økonomisk godtgjering. I Åseral er det frivillige som køyrer rundt med kyrkjebladet til husstandane i Åseral sokn. I Evje og Hornnes køyrer også frivillige rundt i områda som Posten ikkje dekkjer, til dømes Hodne og Senum. Inntektene er annonsar, gåver og offer til bladet. Trass i det omfattande frivillige arbeidet som vert lagt ned, så vil vi ikkje greia å koma i driftsbalanse for året, men må bruka av oppsparde midlar i banken.

Takk

Takk for godt samarbeid med tilsette og kyrkjekontora i begge sokn og særleg kyrkjevevje Sjur Høgetveit som har ansvar for rekneskapen.

Takk til alle som på ulike måtar har medverka til at kyrkjebladet har blitt så vellukka!

Åseral 23. januar 2026

Bente Forgard Lineikro

Styreleiar